



Her er det ei gruppe frå skulen som nyttar overgangen ved AFA/banken. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Då eg her om dagen køyrde gjennom Rosendal talte eg fotgjengarovergangane og kom til ni. I Uskedalen har vi berre ein og det undrar eg meg over, seier ein uskedaling til uskedalen.no.

Vedkommande meiner at Uskedal Utvikling bør ta seg av saka og rette ein førespurnad til vegvesenet om fleire

overgangar. Det er også fleire som har reist saka overfor uskedalen.no.

Den einaste overgangen no er ved AFA/Banken og fleire meiner at det først bør leggst ein overgang i området Helgheim/krysset med Sandavegen. Her skjer det dagleg fårlege kryssingar som ofte har samanheng med det som skjer i Helgheim. Det bør også komma ein overgang i området ved bensinstasjonen/Solheim, meiner fleire.